



Det vert spennande å høyra kva Reidar Myklebust har å fortelja på Stemneplassen

Friluftslaget og Kristian Bringedal melder at innhaldet i Song og musikk-programmet på Stemneplassen komande tirsdag kl.19 no byrjar å verta klart. Bringedal lovar eit godt program og ein triveleg kveld til inntekt for Stemneplassen. I tillegg til song og musikk vert det både kåseri, leikar og loddsalg.

Det er Reidar Myklebust som skal halda kåseri, eller appell som professoren sjølv kallar det. Temaet er **Det rytmiske mennesket og helse**, og det vert spennande å høyra kva Myklebust har å fortelja om dette.

Som tidlegare nemnt, stiller dei ivrige veteranane i Uskedal musikklag på scenen. Dei skal spela to avdelingar kvar på 4 nummer. Dei har valt ut sommarlett musikk frå repertoaret sitt, og publikum vil kunna trø takten både til valsar, marsjar, polka og anna. Uskedal musikklag vil også gjera kjent kven som vert dei heldige vinnarane i sykkel-lotteriet som dei har selt lodd på i det siste. Dersom nokon ikkje har fått kjøpt lodd, nemner vi at det ligg loddbøker på Zjakk frisør, Lise`s Krambu og Gros Blomster. Ein kan også få kjøpt lodd ved å ta kontakt med underteikna.

Det vert også loddsal denne kvelden til inntekt for Stemneplassen. Kristian Bringedal lokkar her med gevinstar som er tilpassa vinnarane. Elles vil Kristian styra allsongen saman med Svein Rimestad. Det vil garantert vera stemningsskapande, og for dei som vil tilfredstilla konkurranseinstinktet vert det også konkurranse i hesteskokasting med premiar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.